

INNKALLING TIL MØTE I FORSKNINGS- OG FORMIDLINGSUTVALGET

ONSDAG 14.6.2017 kl. 12.15 – 14.00

Stad: Rom 326 HF-bygget

Innkalt: Anne Beate Maurseth (leiar), Helge Sandøy, Henning Laugerud, Christine Hamm, Anders Strand, Gunnstein Akselberg, Synne Ytre Arne og Sunniva P. Johansen.

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I Godkjenning av innkalling
 - II Framlegging av referat frå møtet 28.3.2017 ([lenke til referatet](#))
-
- 11. Intern rutine ved opptak av eksterne søkjarar til forskarutdanninga – vedtakssak
 - 12. LLE sin strategi for forskning og forskarutdanning – vedtakssak
 - 13. Erfaringar frå siste utlysing av stipendiatstillingar – diskusjonssak
 - 14. Orienteringssaker:
 - 15. Ymse

9.6.2017 ABA

SAK11 Intern rutine ved opptak av eksterne søkjarar til forskarutdanninga – vedtakssak

Instituttet får med ujamne mellomrom søknadar frå eksterne kandidatar om opptak til forskarutdanninga. Søknadane kjem frå kandidatar som er tilsett i rekrutteringsstillingar utanfor instituttet som t.d. høgskulane, men det kan òg vera kandidatar med anna type finansiering som t.d. finansiering frå NFR si ordning «Offentleg ph.d.». Det er fakultetet som formelt gjev opptak til forskarutdanninga, men instituttet har ansvar for å sikra kvaliteten på søknaden og det planlagde prosjektet før søknaden går vidare til fakultetet. Prosjektskissene må kvalitetssikrast i høve til akademisk standard, og det er behov for å etablera ein framgangsmåte/rutine for korleis dette skal gjerast ved LLE. Det vert her gjort framlegg om at to fagpersonar, i tillegg til den interne rettleiaren ved LLE, kvalitetssikrar søknaden. Desse to skal normalt vera forskingsleiar ved instituttet og ein vitenskapleg tilsett frå kandidaten sitt fagmiljø.

Forslag til vedtak:

FFU går inn for at søknadar om opptak til forskarutdanninga (frå eksterne søkjarar) vert kvalitetssikra av to vitenskapleg tilsette i tillegg til intern rettleiar.

SAK 12 LLE sin strategi for forskning og forskarutdanning – vedtakssak

FFU har fått i oppgåve å utarbeida handlingsplanar for oppfølging av LLE sin strategi for forskning og forskarutdanninga. Strategien vart lagt fram og drøfta i FFU 28.3 2017. I det vidare arbeidet vil det vera nyttig og viktig å byggja på erfaringar og innspel frå forskarar, rettleiarar og ph.d.-kandidatar ved instituttet. Det vert her gjort framlegg om at FFU opprettar to arbeidsgrupper som får i oppgåve å utarbeida forslag til handlingsplanar. Den eine arbeidsgruppa lagar handlingsplan for forskarutdanninga og her bør både rettleiarar og ph.d.-kandidatar vera representert i tillegg til forskingsleiar og ph.d.-koordinator. Den andre arbeidsgruppa lagar utkast til handlingsplan for forskning og her bør både dei som har erfaring frå eksternfinansierte prosjekt og ander aktive forskarar vera med. I tillegg bør medlemmer av FFU sitja i begge arbeidsgruppene.

Forslag til vedtak:

FFU støttar at det vert sett ned to arbeidsgrupper som får mandat til å leggja fram utkast til handlingsplan for forskning og forskarutdanning ved LLE. Arbeidsgruppa som skal leggja fram utkast til handlingsplan for forskarutdanninga skal setjast saman av 5 personar; forskingsleiar, 2 stipendiatar, ein av leiarane av forskarskulane, ein vitenskapleg tilsett (gjerne frå FFU) og ph.d.-koordinator (skrivar). Arbeidsgruppa som skal laga utkast til handlingsplan for forskning skal setjast saman av minimum 4 personar; forskingsleiar, ein vitenskapleg tilsett som har erfaring med eksternfinansierte prosjekt, ein vitenskapleg tilsett og forskingskonsulent (skrivar). Forskingsleiar peikar ut personar til komiteane.

SAK 13 Erfaringar frå siste utlysing av stipendiatstillingar – diskusjonssak

Ny rutine for utlysing, bedømming og tilsetting i stipendiatstillingar ved HF tok til å gjelda for utlysingar etter 1.4.2015. Denne rutinen førte mellom anna til at LLE ikkje kunne involvera fagmiljøet i vurderingsprosessen slik som det har vore tradisjon for ved instituttet. FFU ved LLE drøfta saka 29.11.2017 og vart her samde i ein prosedyre for handtering av dei nye retningslinene ved LLE. Første utlysing etter dei nye retningslinene var utlysing av 4 stipendiatstillingar med søknadsfrist 15.1.2017. Med tanke på den nye utlysinga av stipendiatstillingar (søknadsfrist 6.8.2017) kan det vera nyttig at FFU er orientert om erfaringar og praksis frå den siste utlysinga.

- Det er viktig at dei vitskaplege tilsette er informert om at det er lyst ut stipendiatstillingar og at det er eit krav at søkjarane har vore i kontakt med rettleiar. Vitskapleg tilsette bør få informasjon parallelt med utlysinga slik at dei er kjent med søknadsfrist og kravet om at søkjarane må ha hatt kontakt med potensiell rettleiar, samt informera om kva det betyr å ta på seg oppgåva som rettleiar.
- Det kan vera nyttig å ha eit system for å vita sikkert om rettleiarar har sagt JA til å vera rettleiar eller ikkje. (I førre utlysinga var det fleire av søkjarane som førte opp namn på rettleiar utan at det hadde vore kontakt). For utlysinga i juni 2017 er det lagt inn i utlysingsteksten at rettleiar må ha stadfesta at han/ho kan vera rettleiar. Er det behov for ein administrativ sjekk av søkjarane sin kontakt med rettleiar før komiteen vurderer søknadane?
- FFU har tidlegare drøfta bruken av «spesialsakkunnige». Ved førre utlysing vart det oppnemnt ein spesialsakkunnige frå alle dei ulike fagområda i tillegg til den overordna komiteen. Komiteen delte søknadane mellom seg etter fag, slik at kvar søknad vart lest grundig av to fagpersonar, ein spesialsakkunnig og ein frå komiteen. På denne måten vart dei sterkaste søkjarane identifisert, og deretter vart dei sterkaste søkjarane rangert i fellesskap av komiteen. Denne framgangsmåten fungerte greitt, og det viste seg å vera tilstrekkeleg med ein spesialsakkunnig per fagområde. I nokre av fagmiljøa var det vanskeleg å finna habile personar, slik at ein måtte peika ut eksterne spesialsakkunnige. Dette vart gjort innanfor teatervitskap, digital kultur, nordisk språk og filologi.

SAK 14 Orienteringssaker

- a) Ny forskingsleiar ved LLE
- b) Nytt FFU frå 1.8.2017
- c) HUMEVAL
- d) Orientering om vedtak i FFU ved fakultetet (brev datert 10.5.2017):
 - Retningsliner for vurdering av studiepoeng som kan godkjennast som kurs i overførbare ferdigheiter
 - Retningsliner for artikkelbasert avhandling



Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Institutt for fremmedspråk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Senter for vitenskapsteori

Referanse

2017/1460-ELAK

Dato

31.05.2017

Orientering om vedtak i FFU ved Det humanistiske fakultet 10.05.2017.

På møte i Forsknings- og forskerutdanningsutvalget 10.05.2017 ble det gjort 2 vedtak med relevans for den faglige og administrative oppfølgingen av fakultetets ph.d.-kandidater. Fakultetet ber om at dette blir gjort kjent blant veiledere og forskningsadministrativt ansatte.

FU 08/17 Retningslinjer for vurdering av studiepoeng som kan godkjennes som kurs i overførbare ferdigheter

Vedtak:

FFU godkjenner følgende retningslinjer for godkjenning av studiepoeng som kurs i overførbare ferdigheter:

1. Emnebeskrivelsen som FFU har vedtatt for fakultets egne kurs i overførbare ferdigheter (FFU 9/12) må være retningsgivende for hva slags aktivitet som skal kunne godkjennes som overførbare ferdigheter.
2. Det er primært kursaktivitet som skal kunne godkjennes, og kandidaten bør så langt det lar seg gjøre søke om forhåndsgodkjenning.
3. Annen aktivitet enn kursaktivitet kan i særlige tilfeller godkjennes som studiepoeng i overførbare ferdigheter.
4. Aktivitet som inngår i pliktarbeid ved UiB kan ikke godkjennes som studiepoeng i overførbare ferdigheter.
5. Tidsaspektet, og ønsket om å levere avhandlingen innen en viss dato, er ikke i seg selv noe argument for å få godkjent alternativ aktivitet som studiepoeng i overførbare ferdigheter. Den foretrukne måten vil i slike tilfeller være å søke om forhåndsgodkjenning.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

FU 09/17 Veiledende retningslinjer for artikkelbasert avhandling

Vedtak:

FFU godkjenner følgende veiledende retningslinjer for artikkelbasert avhandling:

1. Avhandlingens samlede omfang skal tilsvare 2,5 års arbeid i likhet med en avhandling av monografitypen.
2. Kandidaten skal normalt være eneste forfatter eller hovedforfatter av samtlige artikler som inngår i avhandlingen. Om avhandlingen inneholder artikler der kandidaten ikke er eneforfatter, skal kandidatens bidrag til artikkelen være klart beskrevet.
3. Artiklene skal være publisert eller i publisert stand.
4. Krav til sammendragdelen («kappen»):
 - a. Kappen skal vise sammenhengen mellom artiklene og gi avhandlingen et helhetlig preg.
 - b. Kappen skal sette den forskningen som er gjort i avhandlingen inn i en bredere kontekst av forskningshistorisk, metodisk og/eller teoretisk art.
 - c. Kappen skal ha forskningsmessig verdi i seg selv og ikke bare være et sammendrag av innholdet i de enkelte artiklene.
 - d. Kappen skal klart heve avhandlingens samlede kvalitet.

Vennlig hilsen

Ranveig Lote
studieleder

Elisabeth Akselvoll
seniorkonsulent